

## Endring i føresegn for Bergen ungdomslag Ervingen sitt Reservefond

### **Noverande tekst §3 Fondsmiddel:**

Fondet består av to delar: bunden fondsmiddel (grunnmiddel) og fri fondsmiddel.

For å oppretthalde realverdien av den bundne delen skal denne verdiregulerast pr. 1. januar kvart år før godkjenning av rekneskapen med midlar frå avkastninga. Ein skal nytta årsveksten konsumprisindeksen (KPI) gjennom siste kalenderåret for verdiregulering.

Ved etableringa av fondet 1. januar 2009 var bunden fondsmiddel kr 2.500.000,-. I 2011 vart bunden fondsmiddel utvida med "Obligasjon" i Ervingen Lagsbruk AS , stor kr 10 mill.

Frie fondsmiddel vert ikkje verdiregulert.

### **Framlegg til ny §3 Fondsmiddel:**

Fondet består av to delar: bunden fondsmiddel (grunnmiddel) og fri fondsmiddel. Ved etableringa av fondet 1. januar 2009 var bunden fondsmiddel kr 2.500.000,-. I 2011 vart bunden fondsmiddel utvida med eit lån "obligasjonen" til Ervingen Lagsbruk AS på kr 10 mill. I 2014 vart "Obligasjonen" auka til kr 15 mill.

Bunden fondsmiddel har ein likvid del og ein del som ikkje er likvid. Det er "obligasjonen" som er den ikkje likvide delen. "Obligasjonen" skal ikkje verdiregulerast.

For å oppretthalde realverdien av den likvide delen av bunden fondsmiddel skal denne delen verdiregulerast pr. 31. desember kvart år med midlar frå avkastninga før godkjenning av rekneskapen. Ein skal nytta årsveksten i konsumprisindeksen (KPI) gjennom siste kalenderåret for verdireguleringa.

Frie fondsmiddel vert ikkje verdiregulert.

### **Noverande tekst §6 Løyvingar:**

6.1 Løyvingar av bunden fondsmiddel.

Løyvingar av bunden fondsmiddel (grunnmiddel) kan berre årsmøtet i laget gjera med 2/3 fleirtal etter at fondsstyret og rådet har gjeve si innstilling eller uttale.

6.2 Løyvingar av årsavkastninga ved årsoppgjeret.

Av fondet sitt årsresultat (avkastning når finanskostnader er trekt frå) skal ein trekkja frå eit beløp tilsvarande KPI for bunden fondsmiddel og legge det til fondet sin grunnmiddel, jf. §3 2.ledd. Resterande fondsavkastning frå "Obligasjon" skal i sin heilskap gå til lagsdrifta. Øvrig resterande fondsavkastning skal fordelast etter brøken 80% til lagsdrifta og 20% til fri fondsmiddel.

6.3 Løyvingar av fri fondsmiddel.

Løyvingar av fri fondsmiddel er tiltenkt investeringar / vedlikehald på Eidsholmen eller til andre særlege tiltak som ikkje kjem inn under den vanlege lagsdrifta. Fond- og eigedomsstyret kan gjere slike løyvingar i samråd med Rådet. Dersom desse ikkje vert samde eller løyvinga vurderast som stor ved at den utgjer meir enn 50% av fri findsmiddel, skal saka avgjerast av årsmøtet.

Alle løyvingar under 6.1 og 6.3 skal skje etter søknad.

**Framlegg ny tekst:**

## **§6 Årsoppgjersdisposisjonar og løyvingar av fondsmiddel.**

### **6.1 Årsoppgjersdisposisjonar.**

Av fondet sitt årsresultat (avkastning når finanskostnader er trekt frå) skal ein trekkja frå eit beløp tilsvarande **verdireguleringa av den likvide delen av bunden fondsmiddel etter §3, 2. ledd. Resterande fondsavkastning** skal fordelast etter brøken 80% til lagsdrifta og 20% til frie fondsmiddel.

### **6.2 Løyvingar av bunden fondsmiddel.**

Løyvingar av bunden fondsmiddel (grunnmiddel) kan berre årsmøtet i laget gjera med 2/3 fleirtal etter at fondsstyret og rådet har gjeve si innstilling eller uttale.

### **6.3 Løyvingar av fri fondsmiddel.**

Løyvingar av fri fondsmiddel er tiltenkt investeringar / vedlikehald på Eidsholmen eller til andre særlege tiltak som ikkje kjem inn under den vanlege lagsdrifta. Fond- og eigedomsstyret kan gjere slike løyvingar i samråd med Rådet. Dersom desse ikkje vert samde eller løyvinga vurderast som stor ved at den utgjer meir enn 50% av fri fondsmiddel, skal saka avgjerast av årsmøtet.

Alle løyvingar under 6.1 og 6.3 skal skje etter søknad.